

<b>Tiltak Vurdering og grunngjeving frå Knutepunktsgruppa</b>	
<b>1</b>	<b>Aktiv sommar i Meland:</b>
	<p>Dette tiltaket er ei utviding av Sommaraktivitetar for barn.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilbodet er kjent og mange barn har forventningar om det.</li> <li>- Når målgruppa.</li> <li>- Gir felles referansepunkt.</li> <li>- Positivt at det inkluderar ungdommar.</li> <li>- Tiltaket inkluderar mange frivillige lag og organisasjonar i Meland i eit tett samarbeid.</li> <li>- Frivilligsentralen blir bindeledd mellom kommunale tenester og frivillige organisasjonar.</li> <li>- Synleggjer dei mange aktivitetane som føregår på fritida for barn og unge i Meland.</li> <li>- Får prøvd seg på ulike aktivitetar og er med å auke rekruttering til ulike organisasjonar.</li> </ul>
<b>2</b>	<b>Kultur på kort</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilbodet når målgruppa og blir brukt.</li> <li>- Tilbodet vil falle bort viss vi ikkje får økonomisk støtte til det.</li> <li>- Tiltaket inkluderar heile familien og gjev felles opplevingar</li> <li>- Positivt at mottakar kan invitere med seg ein ven.</li> <li>- Dekker heile kommunen</li> <li>- Når målgruppa direkte</li> </ul>
<b>3</b>	<b>Ferieaktivitetar for barn og ungdom</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Positivt at det er tilbod til alle feriane.</li> <li>- Variert og godt tilbod</li> <li>- Positivt at det ikkje ligg i sentrum av kommunen.</li> <li>- Tiltaket fører til samarbeid mellom frivillig organisasjon og forebyggjande tenester i kommunen.</li> <li>- Fokus på inkludering</li> <li>- Supplerar Aktiv sommar i Meland</li> <li>- Variert tilbod</li> <li>- Eit godt tiltak.</li> </ul>
<b>4</b>	<b>Kystgarden</b>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Eit fint tilbod men for lite tilrettelagt for målgruppa:</li> </ul> <p>Kjem ikkje fram om familiar som kjem ut til Ypso blir fulgt opp når dei er der ute. Blir for høg terskel for familiar som er i målgruppa fordi det ikkje er konkret om korleis ein skal gå fram for å komme seg til Ypso, kva treng ein av utstyr, må ein bestille? Etc. Tiltaket krev at familiare har utstyr i form av klede, sovepose, kniv osv. Utstyr som kan vera økonomisk utfordrande for familiar i målgruppa. Tiltaket krev også kunnskap til dømes om ferdsel på sjø som ikkje er sjølv sagt at alle har.</p>